



TREDAGERS RUNDTUR PÅ FJELLSKI BESSHEIM-GLITTERHEIM- MEMURUBU

Med kjentmann 5. til 8.april 2026

Både Memurubu, Glitterheim og Bessheim er tradisjonsrike hytter i Jotunheimen. I over 100 år har vertskapsfamiliane i generasjon etter generasjon teke imot fjellvandrarar både sommar og vinter. Her sit tradisjonar og opplevingar frå både vertskap og gjestar i veggane. Kom og opplev atmosfæren på hyttene og den flotte naturen. Vi gjer vårt beste for å ta imot fjellvandrarar med god mat, trivelig atmosfære og gode historier.

**På fjellski etter kvista
løyper i hjertet av
Jotunheimen**

**Rundtur Bessheim-
Glitterheim-Memurubu**

**Norges flotteste merka
rute?**

**Tilbudet gjeld:
3 overnattinger
god mat
hyttehygge**

Booking/pris

Prisen er kr. 6000,- per person. Da får du overnatting 2-mannsrom (Bessheim og Memurubu) 4-6-mannsrom (Glitterheim), sengetøy, handkle, treretters middag, frokost og niste/termos på kvar turisthytte. Fri parkering inkludert i pakken.

Tilbudet gjelder: 5. til 8.april 2026

Bestill: send epost til
post@bessheim.no,
post@memurubu.no

Bessheim fjellstue 967 moh

Glitterheim turisthytte 1386 moh

Memurubu turisthytte 1008 moh

Dag 1. Ankomst og middag Bessheim Fjellstue om kvelden.

Dag 2. Bessheim - Glitterheim.

Følg kvista rute til Bessvatnet, 1389 moh og ned på Russvatnet 1175 moh. Gå isen vestover, opp aust for Blåtjønnåe og over fjellryggen mellom Vestre og Austre Hestlægerhøe. Denne fjellryggen er høgaste punktet denne dagen, 1685 moh. Turen går vidare ned i Veodalen og til Glitterheim. 20 km.

Dag 3. Glitterheim-Memurubu.

Følg kvista rute over til Blåtjønnholet. Gå vestover og følg kvista rute til Styggehbreen. Du kjem inn nedst på breen og går oppover til Styggehbreskardet som er høgaste punktet på turen, 2100 moh. Frå her følgjer du Memurudalen heilt ned til Memurubu. Dette er den høgaste kvista løypa i Norge. Krevjande tur. 27 km.

Alternativt kan du følgje Russvatnet, opp det nedre Russglopet og bratt ned til Memurubu. Ikkje kvista. Men gjer turen lettare.

Dag 4. Memurubu-Bessheim.

Følg kvista rute på fjellvatnet Gjende. Når du kjem til Gjendeosen kan du følgje oppkjørt skiløype over Gjendeshalsen til Bessheim. Høgaste punkt 1105 moh. 13 km

Gradering: Ekstra krevende

Denne turen er for deg med erfaring fra andre fjellskiturer og som er fullt utrustet for vinterfjellet - om været skulle snu eller noen skader seg. Du må være vant til å gå lange dager på fjellski med sekk, og være komfortabel med å kjøre ned upreparerte bakker på 25-30 grader med sekk.

Pakkelliste for vinterturen i fjellet - DNT

<https://www.dnt.no/turtips/turvett/artikler/pakkelliste-for-vinterturen/>

Vintermerking og kvisting i fjellet

<https://www.dnt.no/turtips/turvett/artikler/vintermerking-og-kvisting/>

Kjørerrute

Fram til 1. april er fylkesveg 51 Valdresflye stengt mellom Beitostølen og Maurvangen. I perioden frå Valdresflye opnar 31. mars og fram til 17. mai, er denne strekningen nattestengt mellom 20.00 og 08.00. Vi har veg heile året, heile døgnet frå nord. Da kjører du om Vågå eller Heidal. Frå E6 på Sjøa er det 62 km til Bessheim. I Randsverk kjem du inn på fylkesveg 51, og i krysset tek du til venstre.